

LINDÅS KOMMUNE  
Felles postmottak Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

Dato: 07.09.2017  
Vår ref.: 2017/8269-9  
Saksbehandlar: hanengu  
Dykkar ref.:

## Fråsegn - Høyring av planprogram og varsel om oppstart av kommunedelplan for Knarvik-Alversund med Alverstraumen - Lindås kommune

Vi viser til brev datert 21.06.2017 om oppstart av arbeid med kommunedelplan for Knarvik-Alversund med planprogram. Kommunen har vurdert at planen utløyer krav om konsekvensutgreiing.

Hordaland fylkeskommune vurderer planprogrammet ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

### Vurdering og innspel

Planprogrammet for Knarvik-Alversund legg gode rammer for den vidare planprosessen, og blir i hovudsak vurdert til å følgje opp rammene i regionale planar. I det følgjande vil Hordaland fylkeskommune gjere greie for problemstillingar som vil bli vektlagt i vurderinga av planen ved offentleg ettersyn.

### Areal- og transport

Regional areal- og transportplan for Bergensområdet vart vedteken av Fylkestinget i Hordaland i juni 2017. Denne planen legg rammer for utbyggingsmønsteret i framtida og må bli lagt til grunn ved rullering av kommuneplanen si arealdel og kommunedelplan for Knarvik-Alversund.

Hovudmålet med den regionale planen er sikre at Bergensområdet er ei berekraftig og konkurransedyktig region. Samordna planlegging og eit klimavenleg utbyggingsmønster skal legge til rette for at transportveksten skjer i tråd med nullvekstmålet og at regional grønstruktur vert bevart. For å nå desse måla er det definert regionale vekstsoner der hovuddelen av framtidig vekst bør skje. Området omkring Knarvik er ei slik vekstzone. Dette inneber at veksten i Lindås kommune og den nye storkommunen bør kome i Knarvik og det nære omlandet. På denne bakgrunn finn Hordaland fylkeskommune det svært positivt at Lindås kommune no startar arbeid med ei kommunedelplan for dette området. Måla i planprogrammet ser ut til å følgje opp dei regionale måla på ein god måte.

I retningslinene i Regional areal- og transportplan vert det vektlagt nærleik til regionsenter og gangavstand til kollektivstopp. I utforminga av den regionale vekstsona bør det bli lagt vekt på god tilgjenge til Knarvik sentrum ved sykkel og gange. Det er difor gledeleg at planprogrammet er tydeleg på at dette skal vere i fokus i planarbeidet.

For å oppnår regionale mål om fortetting er det naudsynt å legge til rette for gjennomføring av områdeplan for Knarvik. Det viktig at det ikkje vert opna for så mykje bustadproduksjon i andre område, og som kanskje

er enklare og billigare å utvikle, slik at ein mister gjennomføringskrafta i transformasjonen av regionsenteret.

Gjennom arbeidet med kommuneplanens arealdel og kommunedelplan for Knarvik-Alversund er det viktig at kommunen tydeleg fordeler veksten på ei berekraftig måte, som styrkar regionsenteret og legg til rette for miljøvenleg transport. Kommunen må finne rett balanse mellom utbygging i den regionale vekstsona, i lokalsenter og i bygdene. Regional areal- og transportplan er som nemnt tydeleg på at hovuddelen av veksten bør kome i regional vekstsona, men samtidig vert det peika på at kommunen må vurdere lokal senterstruktur i arbeidet med kommuneplanen. I kommunedelplanen må også desse problemstillingane bli løfta.

I den regionale planen er det gitt eit prinsipp om differensiert arealforvaltning, som også er følt opp med retningslinjer. Dette inneber at utbygging kan bli vekstlagt sterkt i høve andre omsyn innanfor den regionale vekstsona. Det er likevel peika på nokre premisser for at dette skal gjelde. Følgjande prinsipp skal bli lagt til grunn:

- a. Utbygginga vert planlagt med høg utnyttingsgrad
- b. Potensialet for fortetting og transformasjon er kartlagt og planlagt utnytta
- c. Arealdisponeringa er basert på oppdatert kunnskap om arealverdiar
- d. Omsynet til arealverdiar påverkar rekkefølge av utbygging
- e. Behovet for utbygging er dokumentert.

For å finne den rette balansen i utbyggingsmønsteret er det sentralt å ha oversikt over arealreserven i kommunen, og kor stort potensialet er for fortetting innanfor dagens utbyggingszone. Ei slik oversikt bør bli utarbeidd som eit felles grunnlag for kommunedelplanen og kommuneplanens arealdel. Dette vil vere nyttig når ein skal skissere framtidige behov for utbyggingsareal. Vidare bør ein i planarbeidet oppdatere kunnskapsgrunnlaget om arealverdiar i planområdet som grunnlag for å definere langsiktige byggegrenser i den regionale vekstsona. Kommunedelplan for Knarvik-Alversund vil vere ein eigna planprosess til å gjennomføre slike vurderingar.

#### Senterstruktur og handel

Regional plan for attraktive senter har føringar for lokalisering og dimensjonering av handel. Føresegna i planen inneber at nytt handelsareal i utgangspunktet berre er tillat i senterområda. Vidare er det gitt at handel i sentera skal vere dimensjonert etter nivå i senterstrukturen.

Kommunen skal definere kva som er sentrumsområde. Her er senterplanen sine retningslinjer for attraktive sentrumsområde gode å sjå til.

#### *2.3 Sentrumsutstrekning skal fastsetjast i kommune(del)plan eller i reguleringsplan for sentrum.*

*Inntil kommunen har fastsett sentrumsutstrekning bør planlegging ta utgangspunkt i at sentrum har følgjande retningsgivande utstrekning frå ytterkant til ytterkant:*

- ✓ *Fylkessenter: inntil 1000m*
- ✓ *Regionsenter og bydelssenter i Bergen: inntil 800m*
- ✓ *Kommunesenter: inntil 600m*
- ✓ *Lokalsenter og nærsenter: tilbod bør i høg grad konsentrerast*

Retningslinje 2.4 inneheld fleire punkt om regulering av sentrumsområde.

Under punkt 4.3 i senterplanen er det definert føresegnar og retningslinjer for handel og kjøpesenter:

#### **REGIONALE FØRESEGNAR FOR AREALBRUK**

*Med heimel i § 8-5 i plan- og bygningslova gjeld føresegn pkt. 4.1 i 10 år frå 10.12.2014 eller til punktet blir erstatta av føresegnar i kommunal arealplan:*

- 4.1 *Nytt bruksareal for detaljhandel er berre tillatt i fylkessenter, regionsenter, kommunesenter, bydelssenter og lokalsenter definert i Regional plan for attraktive senter eller i kommuneplan. Nytt bruksareal for detaljhandel skal vere innanfor sentrumsutstrekninga definert i kommunal plan. Der det ikkje er fastsett ei sentrumsutstrekning i kommunal plan, gjeld retningsliner for arealplanar i sentrumsområde pkt. 2.3 i denne planen.*

Overstig nytt handelsareal 3000m<sup>2</sup>, trengs det samtykke frå fylkeskommunen. Som eit ledd i handsaminga av samtykke vert det kravd handelsanalyse. Hordaland fylkeskommune tilrår at kommunen gjennomfører ei overordna handelsanalyse i samband med kommuneplanen, eventuelt kommunedelplan. Dersom dette vert gjort på overordna nivå vil krav om handelsanalyse felle bort i enkeltsakene. Kommunen bør vurdere om dette skal inngå som tema i kommunedelplanen, og sjå dette i samanheng med rullering av kommuneplanens arealdel.

Unntatt frå den regionale føresegna er handelsverksemd der den dominerande delen av vareutvalet er bilar, båtar, landbruksmaskinar, trelast og større byggjeverar, samt utsal frå hagesenter og større planteskular. Dette er arealkrevande, men samtidig noko besøksintensiv handel. Slike forretningar bør ikkje lokaliserast i sentrum, men det er likevel ønskeleg med god kollektivdekning og dei bør lokaliserast i tett tilknytning til hovudstrukturen.

Ei viktig målsetting i regional plan for attraktive senter er å styrke sentrumshandelen i regionsentera. I områdeplanen for Knarvik er det opna opp for ein betydeleg del handel, i eit slikt omfang at det vil dekke behovet i lang tid. I kommunedelplanarbeidet er det etter Hordaland fylkeskommune si vurdering ikkje behov for å søke etter meir areal til handelsverksemd. Kommunen bør likevel ta stilling til lokalisering av verksemdar som er omfatta av unntaka i den regionale planføresegna. Slike verksemdar kan med fordel vere knytt til regionsenteret, men ikkje lokalisert i dei aller mest sentrale delane. Desse problemstillingane bør bli løfta og vurdert i kommunedelplanen.

#### Bustadutvikling

Planprogrammet peiker på at hovudvekta av bustadbygging bør skje i Knarvik i åra framover, og at kommunedelplanen skal vere med å sikre at dette skjer. Hordaland støttar kommunen si konklusjon om at ein i skal søke å unngå å legge til rette for nye større bustadområde, men fokusere på transformasjon og fortetting av eksisterande areal. I planarbeidet bør ein også vurdere utbyggingsområde som enno ikkje er regulert på nytt, dersom dei ikkje er i tråd med mål og retningsliner i regional plan. Eventuell vidareføring bør bli begrunna.

Kunnskapsgrunnlaget som er utarbeidd i samband med regional areal- og transportplan syner at det i Bergensområdet er stor overvekt av einebustader og tomanssbustader, spesielt i regionsenterkommunane. Dette gjeld også Lindås. Ser vi på den demografiske samansettinga av den forventa veksten, ser vi at det i stor grad er mindre hushald som er i vekst. Dette bør bli følgt opp i overordna planarbeid gjennom kva type bustadområde som vert prioritert i komande kommuneplanperiode. Bustadplanlegginga bør vere basert på prognoser for hushaldsamansetting for å betre definere behov for bustadtypar.

#### Friluftsliv (regionale friluftsområde, <http://kart.ivist.no>)

Eit kompakt og senterorientert utbyggingsmønster med høg tettleik vil føre til auka press på eksisterande grønstruktur i vekstsonene. For å oppretthalde så gode oppvekst- og levekår som rå, bør ein prøve å ivareta verdfulle grøntområde òg i desse vekstsonene. Der dette ikkje let seg gjere, bør tilkomst til kringliggjande større grøntområde prioriterast i planlegginga. Samstundes vil tette senter med klåre avgrensingar mot omlandet redusere byspreiing og ha positiv verknad for ivaretaking grønstruktur og større regionale friluftsområde.

Innanfor planområdet er det fleire regionalt viktige friluftsområdet som har store opplevingskvalitetar og stort potensiale for auka bruk fordi dei ligg tett på Knarvik. Slike lokale område i sykkel- og gangavstand til bustadområde er viktige. Det er gledeleg at planprogrammet slår fast at planarbeidet skal fokusere på å ta vare på viktige landskapsdrag, ta vare på og utvikle samanhengande blå-grønstrukturar og styrke forbindelsane mellom bustadområde og friluftsområda. Kommunen bør vurdere å definere langsiktige utbyggingsgrenser (markagrense).

### Næringsutvikling

Regional areal- og transportplan har som mål at Bergensområdet skal vidareutviklast til ei berekraftig og konkurransedyktig region, og fortsatt vekst i næringslivet. Den regionale planen peiker vidare på at det er viktig med regional balanse og at det er eit mål å styrke regionsentera med arbeidsplassar. Våre analyser viser at Lindås har ei betydeleg underdekning av arbeidsplassar i kommunen. Det er difor viktig å stimulere til og legge til rette for vekst i næringslivet. Den regionale planen gir nokre prinsipp for lokalisering av ulike typar verksemder, der arbeidsplass- og besøksintensive næringar skal bli lokalisert i senter med god tilgjenge for sykkel, gange og kollektiv. Arealnevnde verksemder bør derimot bli lokalisert meir perifert, men tett knytt til hovudveg.

For å legge til rette for vekst i arbeidsplassar og næringsliv, er det naudsynt at ein gjennom planlegging har ei tilstrekkeleg arealreserve som dekkjer framtidige behov. Analyser som er gjort i samband med regional plan syner at det er eit formidabelt potensiale for fortetting og transformasjon i regionens sentrale deler, her inkludert regionsentera. Potensialet er så stort at behovet for areal til arbeidsplassintensive verksemder kan bli dekkja gjennom fortetting og transformasjon. Også i Knarvik er det i stor grad areal som kan bli utnytta høgare enn ein gjer i dag. Regional areal- og transportplan peiker på denne bakgrunn på at det først og fremst er nytt areal til arealnevnde verksemd ein treng i planperioden. Kommunen bør gjennom arbeidet med kommunedelplanen (og arealdelen) vurdere behovet for næringsareal på kommunenivå. Her må kommunen sjåast i samheng med regionale behov. Fortettingsmogelegheitene i eksisterande område bør kartleggjast slik at ein får ei oppdatert oversikt over arealreserver for næring i kommunen. Kommunen bør kategorisere arealreserven og nye aktuelle næringsareal i kommunen og vurdere kor eigna dei er for ulike typar verksemder.

### Samferdsel

Lindås er ein kommune i vekst, og utarbeiding av ein KPD for Knarvik og Alversund er eit viktig grep for å førebu kommunen på korleis veksten skal handterast. I tråd med nasjonale og regionale retningslinjer vert det lagt opp til fortetting, og samordna areal- og transportplanlegging. Utfordringa for kommunen er lange avstandar og spreidd busetting og bilbaserte reiser. Kommunen viser vilje til å snu denne trenden i planprogrammet. Utviklinga skal skje langs eksisterande kollektivaksar, og det skal etablerast infrastruktur for gang- og sykkel.

Det er eit riktig grep å fokusere på eit større område for å sikre heilskapleg planlegging. Samstundes er det viktig å ikkje «gape for høgt». I første omgang er det viktig å ta dei riktige grepa for å utvikle Knarvik til eit velfungerande regionsenter. Dette er eit senter som er prega av både gjennomgåande trafikk og av tilreisande som kjem med privatbil. I samband med høyring av Kommeplanens samfunnsdel peika fylkeskommunen på utfordringar knytt til utviklinga av Knarvik. Det vart her skissert opp moglege løysingar, som til dømes aktiv satsing på sykkel ved å inngå sykkelbyavtale med Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune.

Hordaland fylkeskommune er kjent med kartlegginga som Multiconsult har utført på vegne av Byregionsamarbeidet. Her er eit utval av sykkelstrekningar inn mot Knarvik vore vurdert. Det er gjort greie for dagens standard og forslag til forbetringar. Kommunen har gjennom denne kartlegginga verdifull innsikt i korleis infrastruktur for dei som sykklar kan forbetras og framstå som meir attraktive. Hordaland fylkeskommune vil oppmode kommunen om å prioritere utbetring av sykkelanlegg rundt Knarvik med utgangspunkt i kartlegginga som er gjort av Multiconsult.

Kollektivstrategi for Hordaland legg vekt på å utvikle eit godt kollektivtilbod der flest reiser. Dette inneber at kommunane i sin arealplanlegging bygger opp om eit utbyggingsmønster der det er gangavstand til kollektivhaldeplass. I den vidare planprosessen vil transportbehov vere viktige utgreiingstema. Sentralt i dette arbeidet er å legge forholda tilrette for gang- og sykkel og kollektivtransport. Skyss kan bidra med grunnlags-dokumentasjon og faglege vurderingar for å sikre eit meist mogleg hensiktsmessig kollektivtilbod. Skal kommunen lukkast med å gjere Knarvik mindre bilbasert, må det og gjerast ein grundig vurdering av kva parkeringspolitikk som skal gjelde i regionsenteret.

I den vidare planprosessen må det og takast høgde for at val av ny trase for E39 kan skape forseinkingar og usikkerheit.

#### Kulturminne og kulturmiljø

Hordaland fylkeskommune gjev innspel som regional sektorstyresmakt for kulturminne. Innspelet nedanfor er forankra i regional plan for kultur – PREMISS: KULTUR – og i nasjonal lovgjeving og politikk. Kulturminnelova sitt føremål § 1 seier mellom anna at:

*«Kulturminner og kulturmiljøer med deres egenart og variasjon skal vernes både som del av vår kulturarv og identitet og som ledd i en helhetlig miljø- og ressursforvaltning. Det er et nasjonalt ansvar å ivareta disse ressursene som vitenskapelig kildemateriale og som varig grunnlag for nålevende og framtidige generasjoners opplevelse, selvforståelse, trivsel og virksomhet.»*

Visjonen i regional kulturplan PREMISS: KULTUR, er mellom anna uttrykt slik:

*«Utviklinga av dei fysiske omgjevnadene med arkitektur og stadutvikling er sektorovergripande politikkområde. I PREMISS: KULTUR vert den estetiske forminga og forvaltninga av bygningar, omgjevnader og landskap tematisert, likeeins samanhengen mellom kulturminne, landskap og ny arkitektur og tydinga for lokal, regional og nasjonal identitetsskaping. Kultur har ei grunnleggjande rolle for utforminga av ein politikk som fremjar ei berekraftig utvikling og bør integrerast som strategisk verkemiddel i regionalt, nasjonalt og internasjonalt utviklingssamarbeid.»*

Kulturminne og kulturmiljø er ein ikkje-fornybar ressurs som skal vernast i ein heilskapleg miljø- og ressursforvaltning. Både som vitskapleg kjeldemateriale og synlege element i omgjevnadane, skal desse ressursane gje varig grunnlag for nålevande og framtidige generasjonar sin kunnskap om kulturarv, sjølvforståing og identitet. Knytt til lokal samfunnsutvikling er kulturminne og kulturmiljø kjelde til trivsel, oppleving og verdiskaping.

Omsynet til kulturminne skal sikrast i all lokal, regional og nasjonal utvikling og arealplanlegging. Hordaland fylkeskommune vil minne om at dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. Vi ber om at eventuelle kulturminneinteresser vert omtalte, verneverdiane vurderte og teken omsyn til i det vidare planarbeidet.

#### *Kulturminnefaglege merknader til planprogrammet*

I kapittel 4 «Hovudmål for planarbeidet» i planprogrammet står det at det skal leggjast vekt på åtte tema i arbeidet med ny kommunedelplan. Det er positivt at to av dei nemnde fokusområda er kulturarv og miljø og tilpassing til endra klima.

Jamfør kapittel 4.1.4 i planprogrammet skal kommunedelplanen fastsetje trase og utforming av ein kyststi mellom Alversund og Gjervik. Vi minner om at i kystnære område er det høgt potensial for buplassar frå

steinalderen, og ber kommunen om å ta kontakt med Hordaland Fylkeskommune ved Fylkeskonservatoren ved planlegging av kyststien.

I kapittel 4.1.10 «Landbruk» står det at kommunen vil prøve å skjerme beiteområda og kulturlandskapet mot nedbygging, og at det er ønskeleg med tilrettelegging for at folk flest kan få forståing for historiske samanhengar i landskapet rundt dei. Lindås kommune ynskjer også å ta vare på kulturarven som ein del av stadens særpreg og identitet, jf. kapittel 4.1.11 «Kulturarv». Dette er positivt, og vi minner om at kulturminneinteresser skal sikrast gjennom føresegner, retningslinjer og plankartet. Det er viktig å løfte fram kulturarven som ressurs i andre kommunale planar som er knytt til kulturminne, folkehelse og klima.

Kommunen ønskjer å legge til rette for tilpassing til endra klima i planlegginga, jf. kapittel 4.1.12 «Miljø og klima, tilpassing til endra klima». Vi viser til at det i høve til klimarekneskap kan lønne seg å ta vare på gamle hus. For meir informasjon om dette kan ein sjå på Riksantikvaren sine nettsider, <http://www.riksantikvaren.no/Tema/Energisparing>.

Delar av planområdet er omfatta av områdeplan for Alversund som er i prosess. Denne planen bør difor nemnast i kapittel 6.3. «Kommunale planar».

I kapittel 8 «Program for konsekvensutgreiing» under tema «Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminne» vert det nemnd at det er gjort funn av automatisk freda kulturminne i Alversund. Vi gjer merksam på at det ligg fleire automatisk freda kulturminne i planområdet. I utgreiinga må eventuelle kulturminne skildrast, og konfliktgraden mellom tiltaksområde og kulturminne, både automatisk freda kulturminne og kulturminne frå nyare tid, skal avklarast. Eventuelle avbøtande tiltak bør drøftast.

Det må gjerast ei potensialvurdering for funn av ukjende automatisk freda kulturminne, særleg i område med nye arealføremål med tanke på utbygging, næring, osv. Nye byggeområde og LNF-område der spreidd utbygging er tillate, kan ikkje vere i konflikt med freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne med regional eller nasjonal verdi. Dei førhistoriske kulturminna ligg ofte i nærleiken av gardsbusetnad, der det er høgt potensial for nye funn. I kystnære område er det høgt potensial for buplassar frå steinalderen, og sidan planområdet omfattar vassdrag og sjøareal, er det også potensial for nye funn av kulturminne under vatn. Bergens Sjøfartsmuseum gjer merksam på at delar av planområdet ligg i eit prioritert areal for marine kulturminne med ein rik maritim historikk og kultur.

Når det gjeld nyare tids kulturminne er det viktig at bygningar/bygningsmiljø og kulturlandskap vert omtalt i KU. Kulturlandskap er eit område det er viktig å setje fokus på både i vurdering av konsekvens for deltema som landskap, landbruk, friluftsliv og kulturminne og kulturmiljø. Vi ber om at det vert utarbeidd eit eige dokumentasjonsvedlegg om kulturminne som bør følgje saka vidare, der kulturminna vert omtalte, verneverdiane vurderte og teke omsyn til. Her er det viktig å få fram ikkje berre fornminne og bygningar/bygningsmiljø, men og eventuelle steingardar, jordkjellarar, gamle ferdslveggar og vegmerke, utmarksminne, tekniske kulturminne, kulturlandskap, m.m. Dokumentasjonen bør gjerast gjennom foto, tekst og kartfesting. Hordaland fylkeskommune er svært nøgd med at Lindås kommune arbeider med kulturminneplan, og vi gjer merksam på at denne kulturminneregistreringa kan inngå i det pågåande arbeidet med kulturminneplanen.

Vi gjer merksam på at det innanfor planområdet er manglande dokumentasjon og registrering av kulturminne i tilgjengelege registre og kjelder. Dette gjeld mellom anna Alverstraumen. I samband med utarbeiding av KU er det difor trong for nye registreringar av verneverdige kulturminne frå nyare tid.

## Kjende kulturminne

Det er fleire kjende automatisk freda kulturminne i planområdet, både på land og i sjø. Delar av planområdet er ein del av Den Indre Farleia, som er Riksantikvaren sitt register over kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse (KULA). For meir informasjon om KULA, sjå <http://www.riksantikvaren.no/Prosjekter/Kulturhistoriske-landskap-av-nasjonal-interesse>.

Alversund er rik på automatisk freda kulturminne frå heile førhistoria og hovudsakeleg frå jernalder. Her ligg det mellom anna mellomalderkyrkjegarden ved Alversund kyrkje, Askeladden ID 83775-4 og fleire gravminne frå jernalder. Området har høgt potensial for funn av automatisk freda kulturminne både på land og i sjø. Alverstraumen er eit prioritert område for marine kulturminne. Også område ved Kvamsvåg, Håland og Fosse er rike på gravminne frå jernalder.

I høve til nyare tid merkjer Lindås kommune seg ut ved at mykje av dei gamle tun-, veg-, nærings- og eigedomsstrukturane i stor grad framleis er synlege og leselege. Det er stor tettleik av SEFRAK-registrerte bygningar og strukturar om kring Alversund, men vi gjer merksam på at det i planområdet finns verneverdige bygningar som ikkje er registrert.

Nord for Isdalsvatnet ligg Isdalstunet som har regional kulturminneverdi. Det er eitt av dei få klyngetuna som er att i Hordaland, etter dei store utskiftingane kring århundreskiftet. Dei fleste husa er eldre en 1850 og er difor meldepliktige jf. kulturminnlova § 25. Her er det også registrert tre automatisk freda gravminne frå jernalder. Den Trondhjemske Postvei, som har nasjonal interesse som kulturminne, går framom Isdalstunet.

### Omsynssoner

Freda kulturminne må visast på plankartet med omsynssoner d, jf. pbl § 11-8, d. Kulturminne som ikkje er freda kan òg ha verneverdi, desse må visast på plankartet som omsynssoner c innanfor delplanområda, jf. pbl § 11-8, c. Det bør utgreiast korleis kommunen skal sikre verneverdige kulturminne innanfor delplanområda. Omsynssoner skal i utgangspunktet kombinerast med arealføremål som ikkje opnar for nye tiltak, til dømes LNF. Det må vidare knytast føresegner til omsynssone d og retningsliner til omsynssone c som sikrar at verneføremåla vert ivaretekne.

Føresegner som sikrar omsynet til automatisk freda kulturminne, som må inn i planen, er følgjande:

Omsynssone d (SOSI-kode H730)

*«I omsynssone d er det automatisk freda kulturminne. Arealet er bandlagt etter kulturminnelova § 4, jf. § 6. Tiltak eller inngrep som kan øydeleggje, skade, dekke til eller på annan måte utilbørleg skjemme kulturminnet mellombels eller permanent er ikkje tillate, jf. kulturminnelova § 3. Tiltak som kan ha innverknad på automatisk freda kulturminne skal leggast fram for Hordaland fylkeskommune, jf. kulturminnelova §§ 3 og 8.»*

Retningsliner som sikrar at verneføremåla til kulturminne og kulturmiljø vert ivareteke, som bør inn i planen, er følgjande:

Omsynssone c (SOSI-kode H570)

*«Ved utarbeiding av reguleringsplanar og gjennomføring av tiltak på enkeltobjekt eller område innafor omsynssone kulturmiljø skal kulturhistoriske og antikvariske verdiar takast vare på og sikrast varig vern gjennom reguleringsvedtak. Saker som gjeld tiltak i omsynssona skal sendast Hordaland fylkeskommune for vurdering av kulturminneinteresser.»*

### Alversund

Alversund er eit samanhengande kulturmiljø med ei stor tidsdjupne. Her finn ein både automatisk freda kulturminne og kulturminne frå nyare tid. Det viktige kulturmiljøet bør i kommunedelplanen få omsynssone c (SOSI-kode H570) med særleg omsyn til landskap og kulturmiljø. Omsynssone c må også få føresegner som formulerer rammer for bruken av arealet og sikrar at kulturminna ikkje vert øydelagt, skada og skjemma av aktiviteten i nærområdet.

I samband med områdeplan for Alversund gjennomførte Hordaland fylkeskommune arkeologiske registreringar i det aktuelle området i 2009 og 2011. I 2017 vart det varsla ytterligare utviding av planområdet, og det vart stilt krav om ei mindre arkeologisk registrering i nye delar av planområdet. Feltarbeidet er ennå ikkje gjennomført, og vi har ikkje full oversikt over automatisk freda kulturminne i det aktuelle området. Vi ber difor Lindås kommune om å ta kontakt med Hordaland fylkeskommune ved Fylkeskonservatoren for å diskutere utstrekning på omsynssone H570 i Alversund etter den arkeologiske registreringa er gjennomført

### Isdal

Gardstunet i Isdal med klyngetunet, tre automatisk freda gravminne (Askeladden ID 97663, 97664 og 97665) og Den Trondhjemske Postveien bør få omsynssone kulturmiljø (SOSI-kode H570) i plankart med retningslinjer for å sikre nasjonale og regionale kulturminneverdiar. Vi ber difor Lindås kommune om å ta kontakt med Hordaland fylkeskommune ved Fylkeskonservatoren for å diskutere utstrekning på omsynssone H570 i Isdal.

### **Generelle føresegner**

Dei generelle føresegnene er viktige for å få sikra omsynet til kulturminneinteressene jf. pbl § 11-9, nr. 7. Hordaland fylkeskommune ber difor om at ein i dei generelle føresegnene får inn at:

1. *«Kulturminne og kulturmiljø skal vera ein integrert del av planlegging og søknad om tiltak. I all arealplanlegging skal kulturminnemiljø dokumenterast og det skal visast til korleis ein har søkt å ivareta dette gjennom planforslag og plantiltak.»*
2. *«Verneverdige einskildebygningar og kulturmiljø og andre kulturminne skal i størst mogleg grad takast vare på som bruksressurs og verta sett i stand.»*

Hordaland fylkeskommune har ikkje gjennomført arkeologiske registreringar i heile kommunedelplanen sitt areal. Fylkeskommunen kan dermed ikkje seie seg samd i ny arealbruk i kommunedelplanen sin arealdel før § 9 i kulturminnelova er oppfylt for det einskilde byggeareal, og tilhøvet til automatisk freda kulturminne er avklart. Undersøkningsplikt etter § 9 i kulturminnelova skal oppfyllest i samband med utarbeiding av reguleringsplan eller ved søknad om tiltak, dette gjeld både land- og sjøareal. Hordaland fylkeskommune ber difor om at ein i dei generelle føresegnene får inn at:

1. *«Hordaland fylkeskommune har ikkje gjennomført arkeologiske registreringar i heile kommuneplanen sitt areal. Fylkeskommunen må ta atterhald om nye byggeområde i kommuneplanen sin arealdel, inntil § 9 i kulturminnelova er oppfylt for dei einskilde byggeareal, og tilhøvet til automatisk freda kulturminne er avklart.»*

For å sikre handhevinga av undersøkningsplikta, jf. § 9 i kulturminnelova, bør føresegner knytt til LNF-område med høve for spreidd utbygging og spreidd næring vere:

1. *Alle tiltak i ubebygda areal innanfor LNF-område med høve for spreidd utbygging og spreidd næring skal sendast Hordaland fylkeskommune for vurdering av kulturminneinteressar, jf. kulturminnelova §§ 3, 8 og 9.»*



## Riksantikvarens merknader og vurderingar

I brev datert 23.05.2016 skriv Riksantikvaren at:

«Vi syner til oversending av 28.6.2017. Innspelet frå Riksantikvaren til varsel om oppstart av kommunedelplan og høyring av planprogram for Knarvik-Alversund med Alverstraumen, Lindås kommune, gjeld Alversund mellomalderkyrkjestad, Askeladden id nr. 83775-4. Mellomalderkyrkjestaden med sikringssone er eit automatisk freda kulturminne jf. kulturminnelova § 4.

Fylkeskommunen er kulturminnemynde i plansaker etter plan- og bygningslova, og skal gi ein samla uttale til planforslaget på vegne av kulturminneforvaltninga.

### Alversund kyrkjestad

Innanfor planområdet ligg Alversund mellomalderkyrkjestad. Den eldste kyrkja var truleg ei stavkyrkje. Denne vart, sannsynlegvis i 1629, erstatta med ei tømmerkyrkje. Noverande kyrkje erstatta tømmerkyrkja i 1879, og den nye kyrkja vart reist like søraust for den gamle.

### Kommentarar

Dei automatisk freda kulturminna er svært sårbare – ikkje berre i høve til inngrep, men også i høve til endringar i omgjevnadane. Forbodet mot skjemming av automatisk freda kulturminne står difor sterkt i lovverket. Eit sentralt punkt i denne saka er om tiltak i nærleiken av kyrkjestaden vil være tilbørleg skjemma, jf. kulturminnelova § 3.

Vårt innspel på dette stadiet er generelt. Vi vil påpeike at den mellomalderske kyrkjestaden er eit kulturminne av nasjonal verdi. Det er viktig at ein ved planlegging av tiltak i kyrkjestaden sine nærmaste omgjevnader tar tilstrekkeleg omsyn til dette, slik at kyrkjestaden sin kunnskaps- og opplevingsverdi kan takast vare på for framtida.

For å synleggjere at den mellomalderske kyrkjestaden er eit automatisk freda kulturminne, skal det visast som omsynssone d) bandlagt etter kulturminnelova i plankartet og omtalast i føresegnene jf. pbl. § 11-8, SOSI-kode H-730. Omsynssone d) skal ha svart rutenettskravur. Koordinatane for avgrensinga av Alversund mellomalderkyrkjestad ligg i Askeladden, id nr. 83775-4.

Denne teksten bør tas med i føresegnene til kommuneplanen for Alversund mellomalderkyrkjestad:

Den mellomalderske kyrkjegarden er eit automatisk freda kulturminne. Innanfor mellomalderkyrkjegarden er gravlegging berre tillate i gravfelt som har vore i kontinuerleg bruk etter 1945. Gravfelt som ikkje har vore i bruk etter 1945 skal ikkje brukast til gravlegging.

Alle inngrep i grunnen eller andre tiltak som kan verke inn på det automatisk freda kulturminnet er ikkje tillate med mindre det ligg føre dispensasjon frå kulturminnelova.

Det er med dette ikkje tatt uttrykkeleg stilling til arealbruken jf. kulturminnelova § 8 fjerde ledd.

Vi ber om at våre merknader vert innarbeida i fylkeskommunen si fråsegn til planprogrammet.»

## Marine kulturminne

Då planen har areal i sjø har saka vore lagt fram for Bergens Sjøfartsmuseum. I e-post datert 19.05.2016 står det at:

«Vi viser til e-post frå Hordaland Fylkeskommune motteke 28.06.2017

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum.

Vårt ansvarsområde, etter føresegn til Lov av 9.juni 1978 nr. 50 om kulturminne, gjeld marine kulturminne og omfattar derfor sjø- og strandområda, samt vann og vassdrag. Bergens Sjøfartsmuseum er etter føresegna til Kulturminneloven marinarknologisk uttalemuseum i forbindelse med alle tiltak som rårar sjøbotnen.

Museet er vidare rette myndigheit til å krevje undersøkingar ved tiltak, planer og utreiingar som vil kunne råka kulturminne under vann, og skal derfor underrettast ved start av alle regulerings- og byggeplanar, samt andre tiltak som omfattar sjøareal. Vi minner om at undersøkingsplikta i Kulturminnelovens § 9 også gjeld for sjøbotnen og i vassdrag. Døme på tiltak i sjø er mudring/graving, utfylling/dumping, legging av vassleidningar, bygging av kaier, brygger, flytebrygger med meir. Særskild for kulturminne i vatn og sjø er Kulturminnelovens § 14 som inneber at skip- og skipslast eldre enn 100 år er statleg eigedom.

Varslinga skal skje gjennom Hordaland fylkeskommune, kultur- og idrettsavdelinga, eventuelt med kopi av sakene direkte til oss for uttale. Alle saker må leggjast fram for fylkeskommunen, som er mottak for alle plan- og tiltakssaker. Våre vurderingar av kva for planer som krev særskilte undersøkingar vil bl.a. ta utgangspunkt i føreliggjande kunnskap om førekomstar av kulturminne, eventuelt en vurdering av regulerings-/ tiltaksområdets potensial for marine kulturminne.

Alverstraumen er eit såkalla prioritert område for marine kulturminne, av di vi reknar det som sers muleg å finne marine kulturminne her. Blant anna veit vi at denne delen av den indre leia var ei mykje nytta transportåre, særleg for varer frå Sogn og vidare nordover. Vi har ulike sjøfunn, bl.a. frå Austrheim som viser dette.

Sjøområde like nord for Krabbeskjeret (sør for Alversundbrua). Her ble det gjort eit stort funn av kvernstein (505 stein, til saman vel 13 tonn) frå Hyllestad i 1990 (Askeladden ID: 89231-1: Alverstraumen). Funnet er heva og såleis borte. Krabbeskjeret har bolt som kan vere nytta til varping. Denne har derfor verneverdi.

Kvernflu, med kvernstein (uklart om denne er i Meland eller Lindås). Denne kvernsteinen, som er montert som sjømerke på flua, er geologisk analysert. Mineralet tyder på at den kommer frå Hyllestad, og steinen kan såleis stamme frå det store kvernsteinsfunnet i Alverstraumen, gjort i 1990.

Ved Uksebåsen, før inngangen til Straumane, finst fortøyingsboltar som kan knytast til passeringa av Alverstraumen. Området har kulturhistorisk verdi. Namnet Straumane tyder sjøstrekninga frå Alverstraumen til Kjelstraumen/Fonnesstraumen.

Sjøområde merka hamn v. plastfabrikken til Sellevold. Nokre fortøyingsboltar/ringar i området på holmane rundt tyder på at dette er eit sjøområde med moglege kulturminne. Alverstraumen- sjøområdet ved det gamle gjestgiveriet/ i dag, bakeri. Som ved sjøområdet ved plastfabrikken er dette eit område med moglege marine kulturminne. Fortøyingsboltar og -ringar på holmane rundt.

Museet kjenner ikkje til marine funn utanfor Knarvik. Det er likevel interessant å merke seg at stadnamnet Knarvik kjem frå Knarr som er eit stort handelsskip. Fleire stadnamn i Norge inneheld knarr, og kan gje ein indikasjon på stader som har blitt nytta til handel gjennom lengre periodar.

*Ei konsekvensutreiing med tanke på marine kulturminne for alle kommunedelplanens utbyggingsområde i sjø vurderer me som ein uforholdsmessig stor jobb både praktisk og økonomisk, og bør slik me ser det ikkje være en del av den prosessen som nå planleggjast. På grunn av planområdets store omfang føretrekk me at tiltak blir førelagde oss på regulerings- eller byggeplannivå. Då vil trulig planane også være meir konkrete i utforming og omfang.*

*Bergens Sjøfartsmuseum oppmodar Lindås kommune om følgjande:*

- å sørge for at planlagde områdedisponeringar som omfattar sjøareal har ein klausul i kommunedelplanens føresegn om at dei skal utgreiast med regulerings- eller byggeplan, og dermed leggjast fram for museet for uttale via fylkeskommunen.*
- å sørge for at kommunedelplanens føresegn har eit påbod om at alle planlagde enkelttiltak som skal utførast i sjø skal leggjast fram for Bergens Sjøfartsmuseum for uttale via fylkeskommunen.»*

#### Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre [www.hordaland.no/plan](http://www.hordaland.no/plan).

#### **Oppsummering**

Hordaland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på areal- og transportplanlegging, samferdsel, regionsenterutvikling, nærings- og handelsutvikling, kulturminne og kulturmiljø.

Eva Katrine R. Taule  
fagleiar kommunal plan

Hans-Christian Engum  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Saksbehandlar:

Hans-Christian Engum, Seksjon for plan - REG AVD, REGIONALAVDELINGA

Gunhild Raddum, transportplanseksjonen . SAMFERDSELSAVDELINGA

Monika Serafinska, fylkeskonservator – KULTUR- OG IDRETTSAVDELINGA

Kopi til:

FYLKESMANNEN I HORDALAND